



Ecuador og Galapagos

kulturmix 2011



Ecuador.

Republikk i nordvestlige delen av Sør-Amerika, ved ekvator.

Landet grensar til Colombia i nord, til Peru i sør og aust og mot Stillehavet i vest. Ecuador omfattar også Galapagosøyane (sp. Archipiélago de Colón) i Stillehavet ca. 1000 km frå fastlandet..

LITT HISTORIE

INKARIKET OG SPANJOLAR

ECUADOR utgjorde på 1400-tallet den nordlegaste delen av det gamle inkariket. Tidleg på 1500-tallet vart landet okkupert av Spania.

Frå 1819 vart dei ein del av "Stor-Colombia" og vart sjølvstendig stat først i 1830, då under navnet Ecuador

GRENSETVISTAR

Det har vore fleire grensetvistar med nabolanda opp gjennom åra. Ei militær konflikt med Peru om eit mineralrikt område vart løyst i 1999. Den siste tida har der vore blokkade mot Columbia. Den vart oppheva no nyleg. Samtidig har indianarane kravd å få tilbake retten til fleire av sine tidlegare landområder.

Galapagos

Øyane der dyr og fuglar ikkje er redde for folk

GALAPAGOS er m.a. kjend for dei veldige elefantskilpaddene som fins der og haviguanen. Øyane har mange stadeigne dyr og fuglar, som f.eks. galapagospingvin og darwinfinker. Charles Darwin brukte dei særeigne livsfomene på øyane her til å underbygge si eiga evolusjonslære.

KLIMA

Klimaet i Ecuador byr på store kontrastar. Fjell med evig snø og is, subtropiske soner, jungel i innlandet, og kyststripe mot Stillehavet. Dette gjer at dyre- og fuglelivet er særers frodig og variert. I Andesfjella lever puma, brillebjørn, fjell-tapir, fleire hjortedyr og så den berømte andeskondoren og i jungelen fins jaguar, kvelarslangar, mange arter av aper, og meir enn 1000 forskjellige frosk- og fuglearter.





Frodig og fargerikt

Ecuador

ligg altså som namnet seier, midt på Ekvator. I motsetning til Peru, er dette landet mindre som "typisk" turistland, men ikkje mindre interessant av den grunn. Her finns ikkje så mange spor etter inkaene sin kultur som i Peru, men til gjengjeld får ein ei kjensle av at folkelivet her er meir genuint og opprinneleg i sin daglege kultur og ikkje så påverka av den kommersielle turistindustrien. Her er det vanlegare å sjå indianarane i sine opprinnelege fargesterke drakter vandrande etter vegen, eller arbeidande ute på jor-det. Arbeidsame indianarar på bygda, og ivrige selgarar på markeda i byane. Dei innfødde er venlege, men sky av seg. For den som vil handle med noko spesielt heim, er her mykje flott trekunst, billeg skinn, og eit rikt utval av tep-per, gensarar og jakker av lama og alpakka.

Dei stadane vi skal besøke vil gi eit breidt og variert bilde av kva som lever og rører seg i dette landet, som er så rikt på ressursar. likevel så fattig enno. Men trass i ein natur med rike ressursar, overdådig på både olje, frukt, poteter mais og andre grønnsaker, er det fortsatt eit fattig land.



PRAKTISKE OPPLYSINGAR

Kredittkort kan brukast i dei større byane, også for å ta ut pengar i minibanker. Kredittkortsvindel er et betydeleg problem i Ecuador. Vær oppmerksom ved bruk av kort og ikkje slepp kortet av syne ved betaling i restaurantar og barar. Det vert anbefalt å ta ut pengar i bankens åpningstid, også ved bruk av minibank.

Norsk generalkonsulat i Quito: tlf.(+593) 2 2509423



Reisa

Dette blir fjerde gongen med Kulturmix til Ecuador

På veien frå Amsterdam til Ecuador mellomandar vi på øya *Bonaire* i Caribia. Her blir det høve til ein strekk på beina inne på flyplassen ein times tid før vi drar vidare til Quito. Quito er hovudstaden i Ecuador og ligg på ei fjellhulle 2800 m. over havet. Vi landar tidleg på morgonen og dreg rett til *Mitad del Mundo* (midt på jorda) med det same. Der kan vi stå med ein fot på kvar side av Ekvator. Deretter blir det ein enkel picknick-brunch ved eit vulkankrater. Vi overnattar på hotel *Chalet Suisse* midt i Quito.

På veg frå Quito og ned til jungelen køyrer vi gjennom eit fjellpass på 4000 moh før det går bratt nedover igjen på spektakulære vegar (som har blitt betydeleg betre dei siste åra). Vi køyrer direkte til landsbyen *Misahualli* og tek kano over elva til *Lodge Misahualli Jungle hotell*. Her blir det lunsj. Programmet her er åpent enno. Vi kan sjå nærare på landsbyen, besøke ein annan landsby lenger oppe (hengebru og kjempetre), bade i elva eller få omvisning på "sommerfuglfarmen". Mate apekattar er også eit alternativ eller kanskje nokre berre vil slappe av ved bassengkanten på hotellet, eller nyte dei fascinerande lydane i jungelen frå terassa der ein har utsikt over elva og landsbyen.

JUNGELN

Misahualli

Det området vi skal besøke i jungelen har relativt mange fastboande. Her vert det drive enkelt jordbruk, og vi har høve til å besøke museer, landsbyar og bosettingar, skular, "dyre-parkar", gullgravarar etc. eller gå ein tur på krevjande stiar gjennom jungelen om nokon ønskjer det.

Programmet som vert lagt til rette vil vere avhengig av klima / vannstand i elva og kva deltakerane ønskjer.



Reisa



Alternative opplegg

Trim - eller avslapping

Det blir mogleg å velge mellom eit par alternativ for programmet i jungelen.

A

Dei som ønskjer å slappe av og ha det behageleg, har hotellet som base. Her kan vi legge opp til ein sightseeing tur med kano. Vi kan besøke landsbyen, og vi har tid til bading og avslapping. Det blir både lunsj og middag på hotellet.

B

For dei som vil være med på ei overnatting ute i jungelen, blir det ein lengre tur i kano og til fots - i jungelen.

Denne gruppa overnattar på ein litt enklare lodge lenger borte frå sivilisasjonen. Vi kan besøke busettingar, gullgravarar etc... men vi kan også gå krevjande stiar gjennom jungelen.

Programmet vert lagt opp ut ifrå klima og vannstand i elva og ut frå kva deltakarane sjøl ønskjer.

For neste dag vil dei som har overnatta på hotellet kunne ta ein formiddagstur i området.

Dei som har vore i jungelen held fram med sin tur om formiddagen. Utpå dagen kjem denne gruppa tilbake, får lunsj på hotellet, og rekk eit bad. På ettermiddagen øver vi litt, og om kvelden kan vi samlast til båkveid på elvebreidda, evt sjå oss litt meir rundt i landsbyen, eller berre slappe av.



PANAMAHATT -
Den ekte Panama hatten kjem í frá Ecuador

Reisa



Til fjells - og til havs

Etter jungelen køyrer vi sørover og etter kvart opp mot fjella igjen. På veien oppover stoppar vi og nyt utsikta: fossar og bratte dalar og lysspelet frå markane som ligg som tepper utover fjellsidene.

I den lille byen Baños bor vi i sentrum. Vi går ut på byen og opplever dei mange små restaurantane i byen. Ettermiddagen gir tid til bading i bassenga med vatn frå dei varme kjeldene, som byen er så kjend for. Vi kan snuse litt i

alle småbutikkane, eller gå ein tur til eit av dei mange utsiktspunkta omkring byen. Middag er ikkje inkludert denne kvelden, så vi kan sjekke ein av dei mange lokale restaurantane.


Korøving og mixing

Neste dag køyrer vi til Rumipamba de las Rosas ved Salcedo.

Vi er framme til lunsj og går i gang med korseminaret. Dette hotellet har eit flott anlegg (sjå www.rumipamba.com)

Vi blir på Rumipamba de las Rosas eit par dagar og øver og mixer saman med lokale songarar og musikarar.

Palmesøndag etter lunsj drar vi inn til Quito (ca 2 timar) og vi får sjå litt av korleis folket feirer påske i Ecuador. Så går vi på byen om kvelden.



Gatebilde frå Quito



Fuglane på Galapagos er ikkje redd for folk...

Å fly ut til Galapagos tar ca 3 timar og vi reiser tidleg frå hotellet til flyplassen neste dag. Når vi har landa (på øya Baltra) tar vi buss over øya, og båt til Santa Cruz, til landsbyen Puerto Ayora. Der skal vi bu på eit hotell midt i landsbyen. Ettermiddagen brukar

vi på ein tur til Tortuga Bay. Her møter vi våre første iguana, og den som ønskjer kan ta eit bad på den vakre stranda.

Dag for dag

- Dag 1** *laurdag 9.april*
 Avreise - frå Oslo kl19:40
- Dag 2** *søndag 10.april*
 Quito - ankomst tidleg
- Dag 3** *måndag 11.april*
 Til jungelen - vi køyrer buss
- Dag 4** *tisdag 12.april*
 I jungelen - div program
- Dag 5** *onsdag 13.april*
 I jungelen - div program
- Dag 6** *torsdag 14.april*
 Til Baños - vi køyrer buss
- Dag 7** *torsdag 15.april*
 Til Rumipamba - vi køyrer buss
- Dag 8** *laurdag 16.april*
 På Rumipamba - øving

Dag for dag

- Dag 9** *søndag 18.April*
 Quito - vi drar etter lunsj
- Dag 10** *måndag 18April*
 Galapagos (Baltra) - med fly
- Dag 11, 12 og 13**
Tysdag 19 April - *torsdag 21 April*
 På Galapagos - div program
- Dag 14** *fredag 22April*
 Til Quito - med fly
- Dag 15** *laurdag 23April*
 I Quito - konsert og avskjedsmiddag
- Dag 16** *søndag 24 April*
 Avreise - frå Quito tidleg morgon
- Dag 17** *måndag 19 April*
 Ankomst - til Oslo på morgonen

- takk for turen -

PRIS

kr.32.500,-
 som inkluderer

- all felles transport -
 - full pensjon -
 - (med unntak av 3 middager)
 - alle aktiviteter i følge programmet.
- ***
- Ikkje inkludert i prisen:
 - flyplassavgifter ca. 45 USdollar -
 - reiseforsikring -
- ***

PÅMELDINGSFRIST

15. desember 2010
 til
 Anne Dahl Olafsen
 anne@kulturmix.no
 mob. 92238977

NB!

Vi må vere minimum 25 påmelde
 for å gjennomføre turen

*

* med atterhald om endringar *